

# Reguleringsplan Plan-ID 1260 - 2017000600

## Mangersvåg kloakkreinseanlegg

---

Vedtatt i Kommunestyret xx.xx.200x, sak xx/xx

Reguleringsføresegner

Utarbeida av Asplan Viak AS, sist revidert: 20.12.2017

### 1. SIKTEMÅL MED PLANEN

Reguleringsplanen legg til rette for å etablere nytt reinseanlegg for avlaup på Mangersvåg kai i samsvar med føringar gitt i Kommunedelplan for avløp, og vedtak i kommunestyret i sak 50/2016, jf. sak 20/2017.

### 2. GENERELLE FØRESEGNER

Området er regulert til følgjande føremål på plankart med vertikalnivå 2, på bakken:

- Bygg og anlegg (PBL-08 § 12-5, ledd nr 1)
  - Industri
  - Avløpsanlegg
  - Bustad/Forretning/Kontor
- Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (PBL-08 § 12-5, ledd nr 2)
  - Køyreveg
  - Hamn
  - Kai
- Grønstruktur (PBL-08 § 12-5, ledd nr 3)
  - Grøntstruktur

### 3. FELLESFØRESEGNER

#### 3.1 Situasjonsplan

Ved søknad om tiltak skal det leverast situasjonsplan i målestokk 1:500 som viser bygg, tilkomst, parkering, areal for av- og pålessing, utandørs lagring, terrenghandsaming, belegg, murer og gjerder over 70 cm, søppelcontainer, murar og plantning o.a. Det skal vidare gjerast greie for material- og fargebruk.

#### 3.1 Byggegrenser

Byggegrense følger formålsgrense der anna ikkje er vist.

#### 3.2 Nettstasjon

Nettstasjon kan plasserast innanfor planområdet.

## **4. BYGG OG ANLEGG (PBL §12-5, NR 1)**

### **4.1 Industri**

Innanfor område BI kan det ikkje oppførast ny bygningsmasse utover det som er etablert ved vedtak av planen.

### **4.2 Avløpsanlegg**

Innanfor område o\_BAV kan det på og under bakken etablerast nødvendige bygg og anlegg for å ivareta reinseanlegget sin funksjon, her under t.d. reinseanlegg, pumpestasjon og synkekum.

o\_BAV kan maksimalt tillates bygd ut med den grad av utnytting (% BYA) og maksimal byggehøgde (BH) som er vist på plankartet. Installasjonar som ligg under bakken og parkeringsareal skal ikkje inngå ved berekning av BYA. Takoppbygg kan tillatast utover maksimalt byggehøgde på inntil 15% av takflata dersom det er nødvendig for anlegget sin funksjon.

Bygg over bakken skal ha topp golv i underetasje på minimum kote + 3.0 m.o.h.

Bygga skal gis en utforming tilpassa staden. Det skal brukast fasadematerialar med innslag av tre. Fasadematerialar som kan gi refleksjon skal ikkje nyttast.

Parkering for anlegget skal løysast på eigen tomt. Ubygd del av tomten skal opparbeidast på ei tilfredsstillande måte.

Det skal etablerast luktreducerande tiltak slik at grenseverdi i utsleppsløyve og gjeldande lovverk for maks luktimmisjon ved næraste bustadbygg er oppfylt.

### **4.3 Bustad/Forretning/kontor**

Innanfor område BKB kan det ikkje oppførast ny bygningsmasse utover det som etablert ved vedtak av planen. Arealet kan inngå i berekning av BYA ved utbygging av gnr. 44, bnr. 23 i medhald av reguleringsplan for Mangersvåg Industriområde planID 1260- 1996000300.

## **5. SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR §12-5, NR 2**

### **5.1 Køyreveg**

Område o\_SKV er del av FV 410. Reguleringa endrar ikkje bruk og funksjon på vegarealet.

### **5.2 Hamn**

Innanfor område o\_SHA kan det gjerast naudsynte tiltak på sjøbotnen knytt til drift av reinseanlegget.

### **5.3 Kai**

Innanfor område SK kan det etablerast anlegg knytt til opparbeiding og drift av reinseanlegget og anna kommunalteknisk infrastruktur.

Område SK skal være open for allmenn ferdsel. På areal mellom o\_BAV og kaifronten kan det ikkje etablerast faste eller mellombels tiltak som er til hinder for nødvendig tilkomst for lastebil til drift av reinseanlegget som m.a. tømning av container.

## **6. GRØNTSTRUKTUR §12-5, NR 3**

Innanfor GV kan det ikkje oppførast bygg. Arealet kan inngå i berekning av BYA ved utbygging av gnr. 44, bnr. 23 i medhald av reguleringsplan for Mangersvåg Industriområde planID 1260- 1996000300.